

Vest politidistrikt

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 2016000906-2 Saksh: Harald Jordal Arkivkode
Journalpostid: 2016012117 Telefon: 53 65 40 23 X31

Dato:
|12.08.2016

Nærpolitireforma: Involvering av kommunane i Vest politidistrikt

Vi har motteke brev av 20.06.16 med vedlegg med informasjon om gjennomføring av denne tunge og viktige statlege reforma for landet.

Odda har takka ja til å slå seg saman med Ullensvang herad og Jondal til ein kommune. Ullensvang har gjort det same, medan Jondal si kommunale framtid no ligg på saten sitt bord i bokstaveleg forstand.

Hardanger politikammer var tidlegare lokalisert i Odda. Den trafikale utviklinga dei seinare åra har styrka Odda betydeleg som eit funksjonelt regionalt senter for området aust / sør for Hardangefjorden i Hordaland. Trafikalt er Kvinnherad knytt på stamvegnettet via Folgefondtunellen og Odda by. Dette vil kunna ha relevans for Kvinnherad på sikt.

Trafikalt er der ikkje tilfredstillande kryssing av Hardangefjorden mot Bergen i dag – berre over Eidfjorden - jmf. avgrensinga av Bømlo / Stord /Fitjar og Hordfast i rundskrivet.

Vi har merka oss at Etne og Kvinnherad kommune ligg i Haugaland og Sunnhordland politidistrikt som er ein del av det nye **Sør-Vest** politidistrikt og at store deler av Hordaland fylke politimessig er frålema Hordaland. Sveio, Etne, Bømlo, Stord, Fitjar og Kvinnherad ligg såleis ikkje i Vest politidistrikt.

Sidan det ikkje er tilfredstillande kryssing av Hardangefjorden som bind saman dei tre folkerike kommunane kring fjorden (Odda – Kvinnherad og Kvam), og sidan Ulvik / Granvin funksjonelt er langt sterkare er knytt til Voss enn Odda eller Norheimsund, ser vi det som vanskeleg for Hardangerrådet å representera dei einskilde kommunane sine samla interesser i dette viktige reformarbeidet på ein balansert måte.

Vi er glade for grundig og informativ informasjon i brev av 20.06.2016 og ber om :

- a. **Odda kommune ved vert direkte representert i styringsgruppa for reforma i Vest politidistrikt ved ordførar Roald Aga Haug**
- b. **Viser til Hardangerrådet sitt svar, og at Aga Haug vert representant for Odda og Hardanger lensmannsdistrikt.**

Kopi av dette skrivet vert difor sendt til dei aktuelle kommunane.

Eit levande kraftsenter

Telefaks: 53 65 40 51
Opheimsgata 31

5750 ODDA

Org.nr:	964 967 814	Telefon:	53 65 40 00
Bankgiro:	3201.50.24584	Telefaks:	53 65 40 51
Innbetalning skatt:	6345.06.12288	Epost:	epost@odda.kommune.no

Venleg helsing

Roald Aga Haug
Ordførar

Harald Jordal
kommunesekretær

Kopi:

Ullensvang herad, Jondal kommune og Eidfjord kommune ved ordførar
Rådmann i Odda Ole Jørgen Jondahl
Hardangerrådet ved dagleg leiar Jostein Eitrheim